



Mona Enes og Kjell Yri startar turleiing av grupper på den greske øya Kreta.

**Mona Enes og Kjell Yri er godkjende DNT turleiarar i Noreg. No vert område utvida til også å omfatta den greske øya Kreta i Kretahavet. Engasjementet er gjennom turoperatøren Rundtomkring As. Mona og Kjell har lang erfaring frå turleiing i DNT, mellom anna frå lengre turar på Hardangervidda og Jotunheimen. Turane går i kystsona, men også i ravinene og på fjellet.**

Rundtomkring As er truleg ein av dei minste turoperatørane i landet. Innehavarar er Ninette og Odd Gunnar Sjøfjell frå Nordland. Med seg har dei to andre turleiarar. Firma har spesialisert seg på eksklusive turar på den vakre øyaa, i område der dei færreste turistar finn vegen. Det er fotturar og havpadling. Mange av turane går langs kysten til Det Libyske hav, i ravinene og på fjellet.

Gruppene tel til vanleg rundt 15 personar og det vert lagt vekt på eit kulturelt og sosialt fellesskap. Turoperatøren skreddarsyr tuar for bedrifter og venegrupper. Rundtomkring har også turar på andre øyar. Ein vinterdestinasjon er til dømes den kanariske øya La Gomera. Dersom ein vil vera med på yoga, er det eit tilbod for dei som ynskjer det.

Mona Enes og Kjell Yri har vore med Rundtomkring på turar før. Dei kjenner innehavarane og opplegget deira. Den fyrste turen til Mona og Kjell går frå Samaria til Elafonisi via Gingilos. Det er i april månad til neste år.

Du finn meir informasjon om turprogrammet ved å gå inn på Rundtomkring på Facebook.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Rundtomkring As